

Køyreskade på eng

Av Magnus Jetne

Overgangen frå ein høyslått og måteleg gjødsling til to eller tre surførslåttar for året, og sterkare gjødsling, førte med seg mykje meir køyring på engene. Mange stader, særleg på torvjord ved kysten, er det ofte vanskeleg å greie surførslåtten uten å køyre sund grassvoren. I våtvær er køyreskadane lett synlege, men det kan vere skade som tel, endå om han ikkje er synleg. Det var då vi tok slaghaustaren i bruk i 1960-åra at vi for alvor fekk mekanisert grashausting og -transport. Store vogner med rått gras pakkar jorda saman, køyrer sund delar av graset og gjev dårleg overvintring.

I 1983 vart det kunngjort resultat frå norske forsøk som viste verknaden av traktorkøyring på eng, i alt ni forsøk kringom i landet (Myhr & Njøs 1983). Åtte av dei ni forsøksfelta vart hausta i åtte år. Traktorkøyringa skjedde berre når jorda var såpass tørr at traktorhjula ikkje laga nemndande spor i jordtyta. Ved hausting to eller tre gonger for året gav køyringa nedsett avling. På leirjord førte denne køyringa elles til meir kveke.

Jamført med slått utan køyring gav normal køyring i Sør-Noreg ved slått tre gonger for året 97% avling for første slått, 93% for andre slått og 86% for tredje slått. I Nord-Noreg var tilsvarende tal for to slåttar 93% for første og 86% for andre slåtten.

På Island granska dei korleis traktorkøyring verka på engavlinga. Traktorvekt 1700-2000 kg. Det skulle vere minst

eitt hjulspor, høgst to, på heile jordtyta. Der dei ikkje køyrd, var avling i medeltal mellom 620 og 970 kg høy per dekar, der dei køyrd 550-730 kg. Køyreskaden ymsa frå stad til stad, og avlingsminken var mellom 10 og 25%. Timoteien tolde køyringa rimeleg godt, medan raudsvingel og geitsvingel tolde mindre (Oskarsson 1975).

I åra 1969-72 hadde dei på Röbäcksdalen ved Umeå tre forsøk med køyring ved enghausting. Forsøka byrja i første års eng. Eitt forsøk gjekk i tre år, to i fire år. Forsøksledda var: A inga køyring, B normal køyring, C dobbel køyring. Køyringa på B skulle svare til køyring når dei brukte slaghaustar. Det var tre haustringar for året, og køyringa var like etter slåtten.

Leirinnhaldet i jorda på forsøksfelta var frå 5 til 26%. Avlingsminken var svært lik på dei tre felta, og uventa stor. Det var lite nedbør i forsøksåra, og all køyring var på vel opptørka jord, så det vart aldri djupe hjulspor. Måling viste likevel at jorda på B og C vart meir samanpakka enn jorda på A, og køyringa skadde plantane.

Vinteren 1970-71 var hard for engene. På A var overvintringa likevel god, på B mindre god og på C dårlegast. Dette førte til store avlingsskilnader i åra etterpå. Totalt for dei fire åra var avlingsminken på B 360 kg tørrstoff per dekar, på C 500 kg, ei heil årsavling (Eriksson, Håkansson & Danfors 1974).

SF Apelsvoll har køyreskadeforsøk på

eng kringom på Austlandet. Det blir køyrt med vanleg traktor hjul ved hjul like etter første, andre og tredje slåtten. Ti forsøk på første års eng gav i andre + tredje slåtten avlingsmink på 11-20% for ymse grasartar og -sortar, i medeltal 15% (Mosland 1984). Det var likt til at bladfaks vart minst skadd av køyringa, medan hundegras og engsvingel vart mykje skadde. Årsavlinga vart i slike forsøk ofte redusert med meir enn 10% etter denne køyringa.

Når avlinga minkar etter køyring på enga, kan det komme av at jorda blir samanpakka og tettare, og dermed mindre lagleg for plantane, men på tørr og fast mineraljord må vel avlingsminken komme av mekanisk planteskade òg. Vi må nok rekne med at det i heile landet er viktig å bruke køyreutstyr som er så skånsamt som mogleg mot enga, og vi bør ikkje køyre meir enn det som trengst for å få arbeidet gjort.

Faren for jordpakking ved køyring på eng er størst når bæreevna er dårlig, t.d.

på torvjord, og når jorda er våt. I andre land har det jamvel vore hevda at det i visse høve er betre å la vere å hauste enga enn å hauste på ei tid det blir svær køyreskade.

Når vi lyt rekne med så stor køyreskade ved enghaustinga, må ein undrast på om det ikkje skulle vere mogleg å finne ein annan og mindre skadeleg hausteteknikk.

Litteratur

- Eriksson, J., I. Håkonsson & B. Danfors, 1974. Jordpackning – markstruktur – gröda. JTI, Medd. nr. 354, 43-44.
- Mosland, A. 1984. Grasforsøk. Orientering om forskingsarbeidet 1983-84. SF Apelsvoll, 41-44.
- Myhr, K. & A. Njøs, 1983. Verknad av traktorkjøring, fleire slåttar og kalking på avling og fysiske jord-eigen skapar i eng. Meld. NLH 62 (1), 1-14.
- Oskarsson, M. 1975. Faktorer som påvirker græsmarkens varighed og avling. Nordisk Jordbr.forskn. 57, 189-190.